

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Hordaland fylkeskommune  
v/ fylkesdirektør kultur og idrett  
Per Morten Ekerhovd

## *Søknad om støtte til 150-årsfeiring av bjørgvinsbispen Peter Hognestad*

Vi søker Hordaland fylkeskommune om støtte på kr. 26.075 til ei markering den 5. november - i Litteraturhuset i Bergen - av at det i år er 150 år sidan biskop i Bjørgvin og nynorskforkjempar Peter Hognestad vart fødd.

Peter Hansson Hognestad vart fødd 12. november 1866 i Time og døydde 1. september 1931 i Bergen. Frå 1916 var han biskop i Bjørgvin bispedømme. Hognestad er blant anna kjend for å ha omsett jolesalmen *Det hev ei rosa sprunge* og salmane *Leid milde ljos* og *Fager kveldssol smiler*. Hognestad var svært oppteken av nynorsk, både allment og særleg som kyrkjespråk, salmespråk, bibelspråk.

Programmet vårt den 5. november i år er slik:

Kl. 15.00–16.00: Per Halse - om den nye Hognestad-biografien.

Kl. 16.00–17.00: Om bibelspråk - m/ panel der m.a. biskopen i Bjørgvin tek del

Kl. 17.00–18.00: Terje Aarset om Hognestad og song - m/ Sandviken kantori

Budsjettet for markeringa er kr. 52.150. Sjå vedlegg. Halvparten av desse utgiftene, kr. 26.075, søker vi hjå Hordaland fylkeskommune. Den andre halvparten søker vi hjå Bergen kommune.

Vi søker altså Hordaland fylkeskommune om kr. 26.075.

Vi gjer også merksam på at det i tillegg til seminaret 5. november vert teke sikte på å skipa til nynorskfesteneste i Domkyrkja og påfylgjande seremoni med kranspålegging på minnesmerket over Peter Hognestad på Solheim kyrkjegard.

Venleg helsing

  
Jon Askeland  
leiari Vestmannalaget

Bjørg Eli Eide (s)  
leiari Bergen mållag